

# – Ein flott avtale for EU

Det er ikkje utenkjeleg at EØS-avtalen kan reforhandlast. Men det er ikkje sikkert det ville vere verdt strevet, meiner EU-ekspert Christophe Hillion.

## EUROPAUNIONEN

PER ANDERS TODAL  
peranders@dagogtid.no

På tysdag la Europautgreiinga fram *Utenfor og innenfor*, eit svært beist av ein NOU som stadfestar, utdjupar og talfestar ting vi i grunnen visste frå før: at EØS-avtalen har integrert Noreg svært djupt med EU, at EUs lover og reglar har omforma svært store delar av norsk lovverk, og at norske folkevalde har hatt lite eller ingenting dei skulle ha sagt i denne prosessen. «Noreg kan reknast som ein trekvart medlem i EU», spissformulerte leiaren for utgreiinga, Fredrik Sejersted, denne veka.

Ordsiftet om rapporten denne veka har stort sett følgd kjende norske politiske skiljelinjer. Dag og Tid ringde ein av bidragsytarane til utgreiinga, franske Christophe Hillion, for

å få eit blick utanfrå. Hillion skreiv i fjor ein delrapport på oppdrag frå utgreiinga, med tittelen *Integrating an outsider. An EU perspective on relations with Norway*. Hillion er jurist, EU-ekspert, professor ved universiteta i Leiden og Stockholm, og for tida seniorforskar ved Svenska instituttet for europapolitiske studier.

### MYKJE MEIR ENN HANDEL

– I si tid vart EØS-avtalen presentert i Noreg som ein frihandelsavtale med noko ekstra. Han har vist seg å bli veldig mykje meir. Var det naivt å sjå EØS som ein utvida frihandelsavtale?

– Eg veit ikkje om det var naivt, men det var i alle fall ikkje korrekt, juridisk sett. Å integrere Noreg i den indre marknaden handla om meir enn handel med varer. Avtalen innebar fri rørsle av menneske og kapital og eit juridisk rammeverk for korleis

handelen skulle gå føre seg, seier Christophe Hillion.

– EØS er ei svært spesiell form for avtale. Som ein dynamisk avtale måtte han endrast etter kvart som EUs lovverk utvikla seg. Så at EØS kom til å bli utvida, var mogleg å føresjå.

– Eit argument for EØS-avtalen var at han skulle vere ei føreseieleg ramme for forholdet mellom Noreg og EU. Men avtalen har i seg sjølv vist seg nokså uføreseieleg?

– Eg ser poenget. EU er eit lovproduserande maskineri, og ein kan ikkje vite kor EU vil gå i framtida. Dermed er EU ganske uføreseieleg, difor er EØS-avtalen det òg. Men EU kan ikkje gå lenger enn det EU-traktatane tillet.

### BEST I KLASSEN

– I rapporten som du laga for Europautgreiinga, går det fram at EU er svært nøgd med måten Noreg har handtert EØS på. Sett frå Brussel er dette ei suksesshistorie?

– Ja, i alle fall så langt. Noreg blir sett på som best i klassen, eit land som spelar fullt ut etter reglane. Noreg implementerer nye reglar raskt, og EU verkar svært nøgd.

– Det er vanskeleg å sjå for seg korleis Noreg kan bli meir inte-

grert utan faktisk å bli EU-medlem, skriv du.

– Nettverket av ordningar mellom Noreg og EU er så tett og breitt, og bidraga frå Noreg til EU – også dei økonomiske – er så betydelege at det er vanskeleg å sjå kva vidare steg ein kan ta utan at det blir medlemskap. Det måtte eventuelt vere om Noreg valde å slutte seg til utanrikspolitikken til EU.

### «NORMER OG VERDIAR»

I *Integrating an Outsider* skriv Hillion om EUs sterke ønske om å «projisere sine egne normer og verdier» over på nabolanda sine. EU er meir enn ein vanleg handelspartner. Det er ei normativ makt.

– Også i det perspektivet har EØS vore ein suksess for EU?

– Ja, EØS er truleg den beste modellen ein kunne tenkje seg for eit slikt prosjekt: Noreg er ein nabo som sjølv forpliktar seg til å adoptere normene til EU.

– Valet av ord er viktig her. Om Stortinget i 1992 hadde blitt fortalt at EØS var ein reiskap for å projisere EUs normer og verdier over på Noreg, er eg ikkje sikker på at avtalen hadde fått tilstrekkeleg fleirtal.

– Men korleis kunne EØS vere noko anna? Vilkaet for at

Fredrik Sejersted, leiar for Europautgreiinga, under pres

Noreg skulle bli ein del av den indre marknaden, var at Noreg forplikta seg til å følgje reglane for den indre marknaden. Det er vanskeleg å sjå EØS-avtalen som anna enn ei projisering av EUs normer på særskilde område.

– Og det kan ein sjå på som ei grei, praktisk løysing. Men ein kan òg sjå det som undertrykking: Ei mektig politisk eining dyttar sine egne normer og verdier over på veikare naboar.

– Det er veldig spesielt at det juridiske systemet til ein avtalepart blir projisert over på eit anna juridisk system. Men om eg skal vere djevelens advokat, kan eg jo understreke at ingen tvinga nokon til å inngå denne avtalen. Noreg, Sverige, Finland og Austerrike forhandla fram og ratifiserte EØS-avtalen med EU fordi dei ønskte å bli del av den indre marknaden. Dette er ikkje ei ny form for europeisk imperialisme. Dette var demokratiske statar som ønskte ein avtale. Ja, EØS er ein ypparleg reiskap for å projisere normer, men dette



– Noreg blir sett på som best i klassen, eit land som spelar fullt ut etter reglane.

Professor Christophe Hillion

## Betaler meir enn dei fleste EU-land

Ikkje-medlemen Noreg betaler meir pengar til EU enn dei aller fleste av medlemslanda i unionen gjer, sett i høve til innbyggjartalet.

PER ANDERS TODAL  
peranders@dagogtid.no

Soga om prislappen for den norske deltakinga i EØS er eit interessant kapittel i EØS-utgreiinga. Som ein del av EØS har Noreg betalt inn titals milliardar til ulike stønadsordningar for dei mindre velstående EU-landa.

Prisstiginga til dei såkalla EØS-midlane er i seg sjølv eit døme på korleis spelereglane i EØS har endra seg – og på korleis EU som den sterke parten i forholdet langt på veg har fått diktere vilkåra.

Frå 1994 til 2003 betalte Noreg kring 200 millionar kroner året i EØS-midlar. For perioden 2004–2009 vart det årlege beløpet tido-

bla, til kring to milliardar kroner.

Frå 2010 auka beløpet igjen med 22 prosent, så i dag betaler Noreg kring 2,8 milliardar kroner årleg i EØS-midlar, det meste til tiltak i dei austuropeiske EU-landa.

### ULTIMATUM FRÅ EU

Sjølv om denne betalinga frå

norsk side i starten vart sedd på som ei mellombels ordning, pressa EU gjennom at ordninga skulle halde fram og utvidast dramatisk. Ved kvar reforhandling har Noreg gjeve etter. «Historien om forhandlingene kan fremstilles som en serie med norske retretter fra de opprinnelige posisjonene», heiter det i EØS-utgreiinga. I forhandlingane har EU «ikke veiket tilbake for å gjøre spørsmålet om tilskuddet til et være eller ikke

være for hele EØS-avtalens fremtid».

Noreg har ikkje råderett over kva EU-land som skal få pengane, det er opp til EU. Derimot får Noreg vere med på å avgjere kva prosjekt som skal få støtte. For tida går det mykje i miljøprosjekt og oppussing av kulturminne i Aust-Europa – prosjekt der vi kan få sett opp plakettar med «Norway» på, og som vonleg skaper velvilje overfor Noreg i mottakarlanda.